

Kjell Dahle
Myravegen 19
5943 Austrheim

Mastrevik 07.10.2015

Austrheim formannskap v/ ordfører Per Lerøy
Sætre marka 2
5943 Austrheim

AREALPLAN FOR MASTREVIK

Viser til møte med Asbjørn Nagel Toft 08.09.2015 og synfaring med ordfører Per Lerøy 10.09.2015 der eg peikte på trongen for å få utarbeidd ein arealplan for Mastrevikområdet. På synfaringa med ordføraren la eg fram skisse på slik plan som viste løysing på ein del vesentlege problemstillingar knytta til buken av området.

Eg sender no over 2 alternative skisser til slik arealplan som evt. kan vere grunnlag for utarbeiding av meir detaljerte planar for området. I begge alternativa er det lagt til grunn følgjande løysingar:

- Omlegging av kommunal veg til fylkesveg ved Austrheim vidaregåande skule.
Avkøyring og tilkomstveg vert flytta til austsida av skulen. Ved slik omlegging vil trafikktilhøva ved skulen bli vesenleg betra, då vegen vert flytta bort frå plassen framfor skulen. Uteområdet ved skulen kan då utvidast, og kan utformast på ein vesentleg meir tiltalende og teneleg måte enn slik det er i dag.
- Ei mindre omlegging av vegtilknytting for eksisterande bustader i området.
Vegen vert før fram nord for den gamle skulekantina og inn på ny veg aust for den vidaregåande skulen. Konflikta mellom køyrande og gåande trafikk vil då verta vesentleg redusert.
- Vegutløysing for den kommunale eigedomen i Mastrevik utan å få konflikt med området sin bruk til vidaregåande skule.
- Råd å legge til rette for eit teneleg og godt friområde på den kommunale eigedomen.
Ved sjøen nord på eigedomen er det ei fjære som med enkle tiltak kan tilretteleggjast som ei fin offentleg badestrand, i tillegg kan det tilretteleggjast plass for småbåtar. Det vil vere enkelt å føre veg fram med tilhøyrande parkeringsplassar. Ei slik tilrettelegging vil vere tenleg både for skule, barnehage og for folk ellers.
- Avsetting av område til næringsformål.
Dette området kan nyttast til verksemder knytta til havsport eller reidseliv. Evt. anna tenesteytande næring.

Dei to alternativa skil seg frå kvarandre på følgjande vis:

Alt. 1 viser eit større areal tillagt noverande tomt for Austrheim vidaregåande skule.

Dette gjev rom for framtidig utviding av skulen, og der evt. nybygg kan etablerast utan konflikt med noverande bygningar. Ein vil kunne få eit godt og framtidsretta skuleareal.


Alt. 2 viser ein arealbruk tilsvarande den bruken som var skissert i reguleringsplan frå 1987.

Der var det teikna inn 6 bustadtomter i det viste området. Ei vegutløysing for området, vil med den tidlegare omtalte vegomlegginga ikkje kome i konflikt med skuleområdet.

Eg meiner det eg har vist i desse to skissene til arealplan må vere av stor interesse for kommunen å vurdere, og då planen stort sett også berre omfattar kommunal eigedom, må eventuelle grunneigarkonflikter vere små. I høve til forbetringar for Austrheim vidaregåande skule vil eg og tru at fylkeskommunen vil ha stor nytte av planløysingane som er vist.

Vonar Austrheim formannskap finn dette innspelet interessant, og tar initiativ til etablering av ein slik samla arealplan for Mastrevikområdet, som evt kan vere grunnlag for ei vidare detaljregulering.

Vennleg helsing




Kjell Dahle

Vedlegg:

1: Arealplan Alt. 1 – Utvida skuleareal


2: Arealplan Alt. 2 – Arealbruk med bustader som vist i reguleringsplan av 1987

Kopi: Austrheim kommune v/Asbjørn Nagel Toft.



- Tekn regulært polygone
- Trekant ▼
- Ingen smapping ▼
- Regulært ▼

FORSLAG TIL
 AREALPLAN
 I MASTREVIC
 ALT. 1
 11.09.2015
 Kjetil Dahle



Tekn regulerant polygon:
 Tirkant ▼ Inngren smapping ▼ Regulæant ▼

FORSLAG TIL
 AREALPLAN
 I MASTREVIK
 ALT. 2
 11.09.2015
 Kjetil Døtve